

Protokoll årsmøte Manger IL, tingstova 15.03.2016

Til stades: 8 medlemmar.

1: Godkjenna at frammøtte har stemmerett. Samrøystes.

2: Godkjenna innkalling. Samrøystes.

3: Val av dirigent, skripar og to til å skriva under møtereferat. Odd Helge Hagen valt som ordstyrar, Atle Vaage valt til referent, Knut Skjelanger og Elisabeth Bygstad valt til å skriva under møteprotokoll.

4: Årsmelding. Leiar las årsmeldinga. Laget har hatt god aktivitet i 2015, med etterlengta rehabilitering av Grønålen som det store løftet. Økonomien i laget er god. Årsmeldinga samrøystes vedtatt.

5: Godkjenning av rekneskap for 2015.

Kasserar Truls Reigstad informerte om rekneskapen som er ført av MV rekneskap. Samla inntekt er 309560, utgifter 236264 og finanskostnadar 45189.

Laget har gjeld på 29500000. Bankinnskot og annan eigenkapital utgjer 565487.

Revisor uttalar at rekneskapen er svært ryddig og godt ført.

Rekneskapen samrøystes vedtatt.

6: Handsama innkomne forslag og saker

Ingen framlegg.

7: Fastsetje medlemskontingent og treningsavgift

Vedtak: 800 for vaksne, 400 for barn, 300 for støtte-medlemmar. Grupper fastset sjølv eigen treningsavgift

8: Vedta budsjett

Styret la fram eit forslag med 453000 i inntekter og 412000 i utgifter. Budsjettet inneber at klubben no byrjar betala avdrag på lånet ein tok opp i samband med rehabiliteringa av Grønålen.

Budsjettet vart samrøystes vedtatt.

9: Handsama organisasjonsplan

Manger IL har ingen formell organisasjonsplan. Årsmøtet pålegg styret å leggja fram organisasjonsplan for idrettslaget til neste årsmøte.

10: Val

Framlegg frå valkomiteen.

Leiar: Odd Helge Hagen

Nestleiar: Odd Matre

3 styremedlemmar: Johnny Hermansen, Truls Reigstad, Atle Vaage (representant for banenemnda), Tanja Smeding, Robert Mjøs.

2 varamedlemmar: John Bauge og Jørgen Bauge

Årsmøtet ønskjer at alle gruppene er representert i styret. Styret får fullmakt til å godkjenna ein person frå handballgruppa og ein frå volleyballgruppa som styremedlemmar. Styret får i tillegg fullmakt til å oppnemna eit tredje varamedlem.

Samrøystes vedtatt.

Andre val:

To representantar til idrettstinget: Atle Vaage, Johnny Hermansen.

To kandidatar til Radøy Idrettsråd: Odd Helge Hagen og Tanja Smeding

To revisorarar: Inge Bø, Lillian Myking

Valkomite, to medlemmar og eit varamedlem:

Knut Skjelanger samrøystes valt.

Styret får i oppdrag å finna eit nytt medlem samt eit varamedlem.

Valkomiteen vert pålagt at ein neste år legg fram forslag for å sikra at ikkje heile styret skal skiftast ut kvart år.

11: Vedtak av ny lov for Manger IL.

Årsmøtet vedtok samrøystes ny lov basert på den nye basislov for idrettslag vedtatt av Idrettsstyret 22. oktober 2015.



Knut Skjelanger



Elisabeth Bygstad